
Fra: Nybakk Runa [mailto:Runa.Nybakk@flora.kommune.no]
Sendt: 9. desember 2013 15:28
Til: Postmottak KD
Emne: Høyring - forslag til endring av § 12.a i barnehagelova

Vedlagt ligg saksdokument frå Flora kommune, vedr. høyring av forslag til endring av barnehagelova § 12a.

Helsing

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg rådgjevar

Flora kommune
Tlf: 57 75 61 97
E-post: runa.nybakk@flora.kommune.no



Saksgang
Kultur- og oppvekstutvalet

Møtedato
12.11.2013

Saksnr
046/13

Sakshandsamar:
Runa Nybakk

Arkiv: K2-A10, K3-&13 **Arkivsaknr**
Objekt: 13/412

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV § 12.A I BARNEHAGELOVA

Kva saka gjeld:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag om å endre lov 17. juli 2005 nr 64 om barnehager (barnehagelova) § 12. a, om rett til plass i barnehage.

Departementet ønskjer uttale i høve to alternativ for endring av rett til barnehageplass for barn som fyller eitt år i september og oktober, og innføring av minimum to årlege barnehageinntak.

Høyringsfrist er sett til 14. januar 2014.

Kultur og oppvekstutvalet i Flora kommune gjev slik høyringsuttale i lovforslag om endring av § 12a om retten til barnehageplass:

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora kommune si vurdering og høyringsuttale:

Flora kommune meiner det er viktig at det vert lagt til rette for at barn får oppfylt retten til barnehageplass når barnet fyller 1 år. Lovendringa legg opp til ei gradvis opptrapping av ein slik rett. Det er likevel viktig at ei kvar endring/utviding av rett til barnehageplass vert fullfinansiert frå statleg hald, slik at kommunane vert i økonomisk stand til å gjennomføre eit slikt lovkrav.

Flora kommune har i dag gode rutinar og prosedyrar for å innfri retten til barnehageplass etter § 12a i barnehagelova;

- Eitt hovudinntak med søknadsfrist om våren, og barnehagestart i august
- Fortløpande inntak i ledige plassar resten av året

Dette er ein praksis som dei fleste kommunar har, i følgje departementet si vurdering i høyringsnotatet.

Flora kommune har valt ei slik løysing fordi det gjev den beste driftsmessige løysinga både for barnehagane og for foreldre som søker barnehageplass (både dei som bur i kommunen og dei som flytter til kommunen). Kommunen og barnehagane har ikkje økonomi til å gå med ledig kapasitet for å vente på "eit barnehageinntak nr 2".

Barnehagekapasiteten til kommunen er driftsmessig lagt opp slik at nytt inntak av barn, samsvarar med frigjerung av plassar etter dei barna som begynner på skule i august.

Ei utviding av retten til barnehageplass, vil handle om auka barnehageareal og rekruttering av fagkompetanse. Overkapasitet av areal og bemanning vil vere ei økonomisk utfordring for kommunen. Til lenger periode slik overkapasitet skal planleggast og driftast for, til meir økonomisk utfordrande vert det for ein allereie stram kommuneøkonomi.

Lovforslag alternativ a) vil gje kommunen økonomiske utfordringar i høve drift av "overkapasitet" i om lag 6/12 av driftsåret. Dette har ikkje kommunen økonomisk handlingsrom til. Kommunen vil derfor ikkje støtte dette forlaget.

Flora kommune vil støtte lovforslag, alternativ b) med slike endringar:

§ 12a nytt annet ledd

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.

Med eit slikt andre ledd, meiner vi at det vert unødvendig å endre dagens tredje ledd, og at dagens tredje ledd vert fjerde ledd med eksisterande tekst. Kommunar som ønskjer meir enn eitt barnehageinntak i løpet av året, vil ha høve til dette.

Vi ser fordelar med at:

- Kommunen kan administrere minimum eitt hovudinntak i løpet av året, og har fortløpande inntak i ledige plassar.
- Ein unngår eit "mindre" barnehageinntak i sommarmånadane (både barnehagane og foreldre avviklar ferie i denne tida).
- Ein unngår omfattande korrigeringar i innarbeidde rutinar og prosedyrar i høve søknad om barnehageplass og samordna opptaksprosess.
- Foreldre søkjer til felles frist og vert tildelt plass i samsvar med barnet sin rett til plass (august- september-oktober).
- Søknadar for barn som har rett til plass i høve alder og som kjem til etter hovudinntaket, får tildelt plass fortløpande.
- Barnehagane får enklare sakshandsaming og kan planlegge organisering og tilvenning av barnegrupper og søsken med behov for plass, i same opptaksrunde.
- Driftsperioden med overkapasitet på areal og tilsette vert kortvarig.
- Økonomiske prioriteringar mellom barnehagane og for ein samla barnehagesektor vert meir oversiktleg og føreseiande.

Det vert lagt opp til at lovendinga skal gjelde frå august 2014, og at kommunane skal vere i stand til å tilby barnehageplass til fleire barn som vil få rett til plass allereie i 2014.

Dette må vurderast nøye, då mange kommunar kan mangle barnehageareal for å innfri ein utvida rett til barnehageplass. 6-7 månader er knapp tid til planlegging, bygging og istandsetting av barnehageareal med gode kvalitetar.

Det er viktig for kommunen at økonomiske rammer til private barnehagar er føreseiande.

Konsekvensar ved utviding av rett til barnehageplass, og innføring av meir enn eitt barnehageinntak i løpet av eit år må derfor innarbeidast i *forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskudd til ikke-kommunale barnehager*. Det må unngåast at kommunen får ekstra administrativt arbeid med fastsettinga av kommunalt tilskot til dei private barnehagane som følgje av utviding av retten til barnehageplass.

12.11.2013 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå repr. Karianne Torvanger, AP:

Stryke alt etter alternativ b., ned til Det er viktig for.....

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

KUOP-046/13 VEDTAK:

Flora kommune si vurdering og høyringsuttale:

Flora kommune meiner det er viktig at det vert lagt til rette for at barn får oppfylt retten til barnehageplass når barnet fyller 1 år. Lovendringa legg opp til ei gradvis opptrapping av ein slik rett. Det er likevel viktig at ei kvar endring/utviding av rett til barnehageplass vert fullfinansiert frå statleg hald, slik at kommunane vert i økonomisk stand til å gjennomføre eit slikt lovkrav.

Flora kommune har i dag gode rutinar og prosedyrar for å innfri retten til barnehageplass etter § 12a i barnehagelova;

- Eitt hovudinntak med søknadsfrist om våren, og barnehagestart i august
- Fortløpande inntak i ledige plassar resten av året

Dette er ein praksis som dei fleste kommunar har, i følge departementet si vurdering i høyringsnotatet.

Flora kommune har valt ei slik løysing fordi det gjev den beste driftsmessige løysinga både for barnehagane og for foreldre som søker barnehageplass (både dei som bur i kommunen og dei som flytter til kommunen). Kommunen og barnehagane har ikkje økonomi til å gå med ledig kapasitet for å vente på "eit barnehageinntak nr 2".

Barnehagekapasiteten til kommunen er driftsmessig lagt opp slik at nytt inntak av barn, samsvarar med frigjering av plassar etter dei barna som begynner på skule i august.

Ei utviding av retten til barnehageplass, vil handle om auka barnehageareal og rekruttering av fagkompetanse. Overkapasitet av areal og bemanning vil vere ei økonomisk utfordring for kommunen. Til lenger periode slik overkapasitet skal planleggast og driftast for, til meir økonomisk utfordrande vert det for ein allereie stram kommuneøkonomi.

Lovforslag alternativ a) vil gje kommunen økonomiske utfordringar i høve drift av "overkapasitet" i om lag 6/12 av driftsåret. Dette har ikkje kommunen økonomisk handlingsrom til. Kommunen vil derfor ikkje støtte dette forlaget.

Flora kommune vil støtte lovforslag, alternativ b) med slike endringar:

§ 12a nytt annet ledd

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.

Med eit slikt andre ledd, meiner vi at det vert unødvendig å endre dagens tredje ledd, og at dagens tredje ledd vert fjerde ledd med eksisterande tekst. Kommunar som ønskjer meir enn eitt barnehageinntak i løpet av året, vil ha høve til dette.

Vi ser fordelar med at:

- Kommunen kan administrere minimum eitt hovudinntak i løpet av året, og har fortløpande inntak i ledige plassar.
- Ein unngår eit "mindre" barnehageinntak i sommarmånadane (både barnehagane og foreldre avviklar ferie i denne tida).
- Ein unngår omfattande korrigeringar i innarbeidde rutinar og prosedyrar i høve søknad om barnehageplass og samordna opptaksprosess.
- Foreldre søker til felles frist og vert tildelt plass i samsvar med barnet sin rett til plass (august- september-oktober).
- Søknadar for barn som har rett til plass i høve alder og som kjem til etter hovudinntaket, får tildelt plass fortløpande.
- Barnehagane får enklare sakshandsaming og kan planlegge organisering og tilvenning av barnegrupper og søsken med behov for plass, i same opptaksrunde.
- Driftsperioden med overkapasitet på areal og tilsette vert kortvarig.
- Økonomiske prioriteringar mellom barnehagane og for ein samla barnehagesektor vert meir oversiktleg og føreseiande.

Det vert lagt opp til at lovendringa skal gjelde frå august 2014, og at kommunane skal vere i stand til å tilby barnehageplass til fleire barn som vil få rett til plass allereie i 2014.

Dette må vurderast nøye, då mange kommunar kan mangle barnehageareal for å innfri ein utvida rett til barnehageplass. 6-7 månader er knapp tid til planlegging, bygging og istandsetting av barnehageareal med gode kvalitetar.

Det er viktig for kommunen at økonomiske rammer til private barnehagar er føreseiande. Konsekvensar ved utviding av rett til barnehageplass, og innføring av meir enn eitt barnehageinntak i løpet av eit år må derfor innarbeidast i *forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskudd til ikke-kommunale barnehager*. Det må unngåast at kommunen får ekstra administrativt arbeid med fastsettinga av kommunalt tilskot til dei private barnehagane som følgje av utviding av retten til barnehageplass.

Terje Heggheim
Rådmann

Guri Langaas
Kommunalsjef

Innleiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag om å endre lov 17. juli 2005 nr 64 om barnehager (barnehagelova) § 12. a, om rett til plass i barnehage.

Gjeldande rett til barnehageplass som vart innført 01.01.09 er formulert slik:

§ 12a

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen

Høyringsforslaget inneheld to alternativ til korleis retten til barnehageplass og tal på årlege barnehageopptak kan utvidast. Med endringsforslaget er det ønskje om å bidra til å sikre ein meir likeverdig rett til barnehageplass, og samstundes redusere ventetida for oppfylling av retten til barnehageplass for barn som fyller 1 år i september og oktober.

Høyringsforslaget alternativ a) er formulert slik:

§ 12a nytt annet ledd

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra februar året etter i samsvar med denne loven med forskrifter.

§ 12 a nytt fjerde ledd

Kommunen skal ha minimum to opptak i året. Søknadsfrist til opptakene fastsettes av kommunen.

Høyringsforslaget alternativ b) er formulert slik:

§ 12a nytt annet ledd

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.

§ 12 a nytt fjerde ledd

Kommunen skal ha minimum to opptak i året. Søknadsfrist til opptakene fastsettes av kommunen

For begge forslaga vil lovendringa føre til at gjeldande § 12a andre ledd blir tredje ledd, og gjeldande tredje ledd blir nytt fjerde ledd.

Lovendringa legg til rette for at ordninga med rett til plass gradvis kan utvidast, noko som vil vere aktuelt når det er budsjettmessig dekning for at dette kan gjennomførast.

Departementet ønskjer uttale i høve to alternativ for endring av rett til barnehageplass og innføring av minimum to årlege barnehageinntak.

Høyringsfrist er sett til 14. januar 2014.

Vurdering:

Departementet gjer slike vurderingar i høve dei alternative lovframlegga;

Alternativ a) to årlege opptak – Nytt opptak i februar

- ♦ *Barn som fyller eitt år i september eller oktober får etter søknad rett til barnehageplass innan utgangen av februar året etter*

Konsekvensar for foreldre/føresette:

- ♦ Framlegget vil korte ned ventetida for barnehageplass for barn fødte i september og oktober, og for barn som har fylt eitt år og har flytta til kommunen etter siste inntak.

Konsekvensar for kommunen/barnehageeigar/barnehage:

- ♦ 2 barnehageinntak i løpet av året (august og februar) må innarbeidast i søknadsprosedyrar.
- ♦ Kommunen må ha kapasitet/barnehageareal til nye søkjarar som fyller 1 år i september og oktober frå februar året etter.
- ♦ Barnehagane må planlegge for ein overkapasitet av både areal og personale i perioden frå august til februar.

Alternativ b) to årlege opptak – Nytt opptak i oktober

- ♦ *Barn som fyller eitt år i september eller oktober får etter søknad rett til barnehageplass innan utgangen av oktober det året barnet fyller eitt år*

Konsekvensar for foreldre/føresette:

- ♦ Ventetida for barnehageplass for barn som fyller eitt år i september og oktober, og for barn som har fylt eitt år og flytta til kommunen etter siste inntak vil vere minimal.

Konsekvensar for kommunen/barnehageeigar/barnehage:

- ♦ 2 barnehageinntak i løpet av året (august og oktober) må innarbeidast i søknadsprosedyrar.
- ♦ Kommunen må ha kapasitet/barnehageareal til nye søkjarar som fyller 1 år i september og oktober.
- ♦ Barnehagane må planlegge for ein overkapasitet av både areal og personale i perioden frå august til oktober.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

- ♦ I statsbudsjettet for 2014 er det foreslått å bevilge kr 241 mill til kommunane for å utvide retten til barnehageplass (årseffekt 2014) til barn som fyller eitt år i september og oktober 2014.
- ♦ Barnehageplassane skal vere etablert innan august 2014
- ♦ Administrativ omorganisering av barnehageinntak
- ♦ Eventuelle konsekvensar i høve *forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskudd til ikkje-kommunale barnehager* skal vurderast av Utdanningsdirektoratet.

Flora kommune si vurdering og høyringsuttale:

Flora kommune meiner det er viktig at det vert lagt til rette for at barn får oppfylt retten til barnehageplass når barnet fyller 1 år. Lovendringa legg opp til ei gradvis opptrapping av ein slik rett. Det er likevel viktig at ei kvar endring/utviding av rett til barnehageplass vert fullfinansiert frå statleg hald, slik at kommunane vert i økonomisk stand til å gjennomføre eit slikt lovkrav.

Flora kommune har i dag gode rutinar og prosedyrar for å innfri retten til barnehageplass etter § 12a i barnehagelova;

- Eitt hovudinntak med søknadsfrist om våren, og barnehagestart i august
- Fortløpande inntak i ledige plassar resten av året

Dette er ein praksis som dei fleste kommunar har, i følgje departementet si vurdering i høyringsnotatet..

Flora kommune har valt ei slik løysing fordi det gjev den beste driftsmessige løysinga både for barnehagane og for foreldre som søker barnehageplass (både dei som bur i kommunen og dei som flytter til kommunen). Barnehagane har ikkje økonomi til å gå med ledig kapasitet for å vente på "eit barnehageinntak nr 2".

Barnehagekapasiteten til kommunen er driftsmessig lagt opp slik at nytt inntak av barn, samsvarar med frigjering av plassar etter dei barna som begynner på skule i august.

Ei utviding av retten til barnehageplass, vil handle om auka barnehageareal og rekruttering av fagkompetanse. Overkapasitet av areal og bemanning vil vere ei økonomisk utfordring for kommunen. Til lenger periode slik overkapasitet skal planleggast og driftast for, til meir økonomisk utfordrande vert det for ein allereie stram kommuneøkonomi.

Lovforslag alternativ a) vil gje kommunen økonomiske utfordringar i høve drift av "overkapasitet" i om lag 6/12 av driftsåret. Dette har ikkje kommunen økonomisk handlingsrom til. Kommunen vil derfor ikkje støtte dette forlaget.

Flora kommune vil støtte lovforslag, alternativ b) med slike endringar:

§ 12a nytt annet ledd

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.

Med eit slikt andre ledd, meiner vi at det vert unødvendig å endre dagens tredje ledd, og at dagens tredje ledd vert fjerde ledd med eksisterande tekst. Kommunar som ønskjer meir enn eitt barnehageinntak i løpet av året, vil ha høve til dette.

Vi ser fordelar med at:

- Kommunen kan administrere minimum eitt hovudinntak i løpet av året, og har fortløpande inntak i ledige plassar.
- Ein unngår eit "mindre" barnehageinntak i sommarmånadane (både barnehagane og foreldre avviklar ferie i denne tida)
- Ein unngår omfattande korrigeringar i innarbeidde rutinar og prosedyrar i høve søknad om barnehageplass og samordna opptaksprosess
- Foreldra søker til felles frist og vert tildelt plass i samsvar med barnet sin rett til plass (august- september-oktober).
- Søknadar for barn som har rett til plass i høve alder og som kjem til etter hovudinntaket, får tildelt plass fortløpande.
- Barnehagane får enklare sakshandsaming og kan planlegge organisering og tilvenning av barnegrupper og søsken med behov for plass, i same opptaksrunde.
- Driftsperioden med overkapasitet på areal og tilsette vert kortvarig
- Økonomiske prioriteringar mellom barnehagane og for ein samla barnehagesektor vert meir oversiktleg og føreseiande.

Det vert lagt opp til at lovendringa skal gjelde frå august 2014, og at kommunane skal vere i stand til å tilby barnehageplass til fleire barn som vil få rett til plass allereie i 2014.

Dette må vurderast nøye, då mange kommunar kan mangle barnehageareal for å innfri ein utvida rett til barnehageplass. 6-7 månader er knapp tid til planlegging, bygging og istandsetting av barnehageareal med gode kvalitetar.

Det er og viktig for kommunen at økonomiske rammer til private barnehagar er føreseiande. Utviding av rett til barnehageplass, og innføring av meir enn eitt barnehageinntak i løpet av eit år må derfor innarbeidast i *forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskudd til ikke-kommunale barnehager*. Det må unngåast at kommunen får ekstra administrativt arbeid med fastsettinga av kommunalt tilskot til dei private barnehagane som følgje av utviding av retten til barnehageplass.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
2	I	14.10.2013	Det kongelige kunnskapsdepartement	Høring av forslag til endringer i barnehageloven - Utvidelse av retten til barnehageplass og innføring av minimum to årlige barnehageopptak	